

**Vinter** ( *For barnebladet "Magne" 1916* )

Aa ho! aa hei! kor det dugeleg gaar  
nedover bakken med kjelken vaar!  
Uppover gaar det litt tyngre, javisst,  
men upp so naar vi no lel tilsist

So snart vi av skulen hev fenge fri,  
gaar det iveg paa kjelke og ski;  
og augo dei straalar og kinni dei brenner  
naar nedover bakkarne glade vi renner.

Med snøball fører vi krig, ho! vi slaass !  
Vi er ikkje fredsvenner nokon av oss;  
og taper vi eingong, oppreising vi tar,  
vi gjev oss no ikkje, fyr sigren vi har